



Arkivnr: 2014/13280-8  
Saksbehandlar: Natacha Vallebona Rivera

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		09.11.2015
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

## Omorganisering av reinholdstenestene i HFK

### Samandrag

Bakgrunnen for saka er politisk vedtak i opplærings- og helseutvalet 08.04.2014, sak nr 20/2014 og i fylkesutvalet 20.05.2014, sak 102/2014, der administrasjonen vart beden om å starte eit arbeid med gjennomgang av reinholdstenestene i HFK med sikte på å etablere reinholdstenestene som ei eiga fylkeskommunal eining, herunder óg vikarpool for reinholdarane. Opplæringsavdelinga fekk ansvar for saka, og det vart sett ned ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe. Prosjektgruppa har vurdert 3 ulike modellar for organisering av reinholdstenestene i HFK.

*Modell 1* legg opp til at reinholdstenestene vert organisert som i dag, der reinholdarane er knytt til kvar einiskild skule med rektor som øverste personalansvarleg. Ein vikarpool under denne modellen kan organiserast under eigedomsavdelinga.

*Modell 2* legg opp til at reinholdstenestene vert organisert som eigen seksjon i eigedomsavdelinga. Den nye seksjonen får nemninga reinholdsseksjonen og vert leia av ein reinholdssjef. Reinholdstenestene vert organisert i åtte (eller færre) driftsområde leia av kvar sin områdeleiar. Vikarpool vert organisert under kvar einiskild områdeleiar.

*Modell 3* legg opp til at reinholdstenestene vert organisert som ein del av driftsseksjonen i eigedomsavdelinga. Driftsseksjonen får ansvar for reinholdarane på skulane i tillegg til det driftstekniske personalet dei har allereie. Reinholdstenestene vert organisert i driftsområde etter same modell som for driftspersonalet. Det vert knytt vikarpool til kvart driftsområde.

Modellane er vurdert opp mot følgjande effektmål: 1. Nøgde brukarar, 2. Ei meir økonomisk effektiv teneste, 3. Fagleg utvikling, 4. God kvalitet, 5. Heiltidsstillingar, redusere ufrivilleg deltid, 6. Reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær, 7. Eit samla fagmiljø, 8. Redusere trongen for vedlikehald.

Prosjektgruppa tilrår modell 3; reinholdstenestene som ein del av driftsseksjonen i eigedomsavdelinga. Tilrådinga baserer seg på at ei organisering av reinholdstenestene etter denne modellen vil kunne gi HFK ei heilskapstenking knytt til drift og reinhald med tanke på kvalitet, vedlikehald, kompetanseutvikling, kompetanseoverføring; eit sterkare fagleg og sosialt nettverk. Dette kan ha positiv effekt på sjukefråværet, og HFK vil kunne tilby høgare stillingsprosent til sine reinholdarar ved å sjå driftsområde i samanheng. I tillegg vil einiskilde reinholdarar kunne inngå som ambulerande reinholdarar i vikarpool. Modellen med reinholdstenestene som ein del av driftsseksjonen i eigedomsavdelinga vil på sikt kunne driftast med dei same ressursane som dagens organisering.

Saka har vore på høyring i dei vidaregåande skulane. Fleirtalet av skulane vil halde på dagens ordning (modell 1).

Fylkesrådmannen ser fordelar både med dagens organisering (modell 1) og ei organisering under eigedomsavdelinga etter modell 3.

Etter ei samla vurdering av modellane, og sett opp mot den politiske bestillinga, vil fylkesrådmannen rå til at reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert organisert etter modell 3.

#### **Forslag til innstilling**

1	Reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen.
2	Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017.
3	Den nye organiseringa av reinhaldstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.10.2015

Bakgrunnen for pågåande prosjekt er politiske vedtak i Opplærings- og helseutvalet 08.04.2014 (sak nr 20/2014) og i Fylkesutvalet 20.05.2014 som sak 102/2014. Vedtaket i fylkesutvalet har slik ordlyd:

*1. Ordninga med eksternt reinhald held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhald eller eksternt reinhald. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhald vert difor vidareført inntil vidare.*

*2. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinhaldstenestene med sikte på å få etablert reinhaldstenestene i ei eiga fylkeskommunal eining, herunder òg vikarpool for reinhaldarane.*

Opplæringsavdelinga har fått ansvaret for saka, og har sett ned ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe som skal følgje opp vedtaket i fylkesutvalet. Prosjektgruppa og styringsgruppa har hatt slik samansetjing:

### Prosjektgruppa:

Karstein Oen, HR-seksjonen  
 Arnfinn Rekve, opplæringsavdelinga  
 Vibeke Iren Gindl, eigedomsavdelinga  
 Karl Viken, økonomiavdelinga  
 Natacha Vallebona Rivera, opplæringsavdelinga, prosjektleiar  
 Kjersti Kvaløy, HTV/ Margunn Fosse Sande, HTV/ Dagmar Hillestad HTV

### Styringsgruppa:

Svein L. Heggheim, fylkesdirektør opplæring  
 Birte Haugen, seksjonsleiar opplæring, prosjektansvarleg  
 Helge Haavardtun, eigedomssjef/ rådgjever  
 Geir Davidsen, HR-direktør  
 Torunn Gaarden, rådgjevar Tannhelse

Seksjonsleiar Birthe Haugen, opplæringsavdelinga, har vore prosjektansvarleg og Natacha Vallebona Rivera, opplæringsavdelinga, prosjektleiar.

Prosjektgruppa har ferdigstilt arbeidet sitt og legg med dette fram tre modellar til vurdering.

### Dei tre modellane er:

- Modell 1: Dagens organisering; Reinhaldarane er knytt til kvar einskild skule med rektor som overordna leiar med personalansvar
- Modell 2: Reinhaldstenesta som ein eigen seksjon under eigedomsdirektøren
  - Reinhaldseksjonen
- Modell 3: Reinhaldstenesta under Eigedomsdirektøren og som ein del av driftsseksjonen:
  - Driftsseksjonen

Vikarpool vil i alle modellane bli lagt til eigedomsdirektøren.

### 3 modellar til vurdering

Prosjektgruppa har vurdert tre alternative modellar opp mot åtte effekt mål:

- Nøgde brukarar
- Ei meir økonomisk effektiv teneste

- Fagleg utvikling
- God kvalitet
- Heiltidsstillingar, redusere ufrivillig deltid
- Reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær
- Eit samla fagmiljø
- Redusere trongen for vedlikehald

### **Modellane:**

#### **Modell 1: Dagens organisering; Reinhaldarane er knytt til kvar einskild skule med rektor som overordna leiar med personalansvar**

Reinhaldarane er i dag spreidde rundt og knytt til dei ulike stadene der det vert utført reinhald; skular, tannhelseklinikkar og andre fylkeskommunale bygg. Personalansvaret for reinhaldarane ligg ute på dei ulike einingane. Eigedomsavdelinga har eit fagleg oppfølgingsansvar og gjennomfører opplæring og faglege samlingar 4 gonger i året. Denne oppfølginga er det spesialrådgjevar innan reinhald FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) på eigedomsavdelinga som tek seg av. Eigedomsavdelinga tildeler investeringsmidlar som går til oppgradering av utstyr og maskiner for maskinelt reinhald ute på skular og andre bygg. Desse investeringane er med på å gi eit betre reinhald i bygningane. Budsjettet til innkjøp av maskiner og utstyr på skulane ligg på opplæring.

Vikarpool vil under denne modellen kunne plasserast inn under eigedomsdirektøren og driftsseksjonen. Etablering av ein vikarpool knytt til driftsseksjonen vil innebere auka administrative utgifter for eigedomsdirektøren.

#### **Modell 2: Reinhaldstenesta som ein eigen seksjon under eigedomsdirektøren; Reinhaldseksjonen**

Det vert oppretta ein eigen seksjon, reinhaldseksjonen. Denne seksjonen vert plassert under eigedomsdirektøren parallelt med driftsseksjonen og utbyggingsseksjonen. Seksjonen vil ha den same oppbygging som driftsseksjonen og vert delt inn i geografiske område. Øverste leiar vil vere reinhaldssjefen, og områdeleiarane vil ha personalansvaret for reinhaldsleiarane og reinhaldarane i sitt område. Vikarpool kan knytast til kvart geografisk område og vert bemanna av ambulerande reinhaldarar. Staben til eigedomsdirektøren vil under denne modellen styrkast med *ein* person. Den nye seksjonen vil bemannast av *ein* reinhaldsjef, åtte områdeleiarar og *ein* i stabsfunksjonen i tillegg til reinhaldarane. Denne modellen vil vere den dyraste modellen å drifte i og med at det må byggjast opp ein heilt ny seksjon.

#### **Modell 3: Reinhaldstenesta under Eigedomsdirektøren og som ein del av driftsseksjonen; Driftsseksjonen**

I denne modellen vert reinhaldet lagt inn under driftsseksjonen. Seksjonen vil fortsatt bli leia av ein driftssjef som vil ha det overordna faglege ansvaret. Områdeleiarane vil få personalansvaret for drifts- og reinhaldspersonalet. Reinhaldsleiarane vil ha oppfølgings- og fagansvar for reinhaldarane. Områdeleiarane vil ha ansvaret for vikarpool i sitt område. Vikarpool vert bemanna av ambulerande reinhaldarar. Denne modellen vil på sikt kunne driftast med dei same ressursane som dagens modell. Skulesektoren vil spare inn administrative ressursar ved å ikkje ha personalansvaret for reinhaldarane. Den auka bemanninga i driftsseksjonen vil utgjere det same som det vi på sikt sparer inn på skulesektoren. I tillegg vil ei betre ressursutnytting gjennom vikarpool og betre utstyr kunne bidra til ei meir effektiv teneste.

#### **Dagens personalressurs**

Vi har 188 fast tilsette reinhaldarar i HFK. 32 av desse er reinhaldsleiarar. 19 av reinhaldsleiarane har fagbrev, og 13 har ikkje fagbrev. Berre 4 av reinhaldsleiarane jobbar deltid. Av 156 fast tilsette reinhaldarar har 34 fagbrev, og 122 har ikkje fagbrev. Av dei 34 fast tilsette reinhaldarane med fagbrev jobbar 17 i deltidsstillingar. 77 av dei 122 fast tilsette reinhaldarane utan fagbrev jobbar deltid.

### Avgrensing av omorganiseringa

Politisk er det opna for at tannhelse skal kunne organiserast under kommunane, men prosjektgruppa foreslår at tannhelse blir ein del av omorganiseringa. Tannhelse har samanlikna med skulesektoren få reinhaldsressursar, men desse sektorane samla vil kunne gi HFK høve til å tilby reinhaldarar høgare stillingsprosent. Dei som vert omfatta av omorganiseringa, er tannhelse, skulane og fylkesadministrasjonen.

### Nærare vurdering av modellane opp mot effektmåla

#### Modell 1: Dagens organisering, reinhaldarane knytt til kvar skule med rektor som øverste leiar



#### Vikarpool

Vikarpool vil under denne modellen kunne leggst til eigedomsdirektøren og driftsseksjonen, men då må det byggast opp ein stab til den daglege drifta. Vikarpool-staben vil kunne hjelpe skulane med vikarressursar ved behov.

#### Nøgde brukarar

I dagens organisering av reinhaldstenesta er det kvar einskild rektor som har ansvar for reinhaldet på sin skule. Hordaland fylkeskommune har ikkje innført kontrollsystem for reinhald eller brukartilfredsheit, men det er mogleg å innføre kontrollsystem i dagens system. Den faglege kompetansen til å vurdere reinhald ligg i driftsseksjonen, eigedomsavdelinga.

#### Ei meir økonomisk effektiv teneste

Under dagens modell er det ikkje utarbeidd eigne budsjett for reinhaldstenestene. I tillegg vert ein del av reinhaldarane sin stillingsressurs nytta på serviceoppgåver som ikkje høyrer inn under reinhald. Det er derfor vanskeleg å rekne ut ressursbruken på reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune under dagens organisering.

#### Fagleg utvikling

Den faglege kompetansen innan reinhald ligg i driftsseksjonen på eigedomsavdelinga i dagens modell. Det blir gitt faglege kurs og oppdatering, og det blir satsa på å få fleire til å ta fagprøva under dagens organisering. Det har gjennom åra likevel vist seg at det varierer frå skule til skule i kva grad reinhaldarane får høve til å delta på kurs og oppdateringar som vert haldne i regi av driftsseksjonen. Oppfølging og personalansvar ligg på kvar einskild skule. Fagmiljøet avgrensar seg til kvar einskild skule.

#### God kvalitet

Under dagens modell er det ikkje utarbeidd felles system for vurdering av kvaliteten på reinhaldet som vert utført. Kvar einskild rektor har ansvar for reinhaldet på sin skule. Innanfor dagens modell vil vi kunne opprette system for brukarmedverknad ved bruk av spørjeskjema.

**Heiltidsstillingar, redusere ufrivillig deltid**

Rektorane har ansvar for tilsetting av reinhaldspersonell på sin skule og tildeling av stillingsressurs på kvar einiskild medarbeidar. Stillingsprosenten på dei tilsette reinhaldarane varierer frå skule til skule. Nokre skular har valt å ha alle dei tilsette på 100%-stillingar. Andre har alle på deltid, og andre igjen har nokre på heiltid og nokre på deltid. Innanfor dagens modell vil vi kunne bruke vikarpool som eit verkemiddel til å auke stillingsprosenten på einiskilde av dei tilsette som jobbar deltid.

**Reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær**


Sjukefråværet har lege på mellom 10 og 11 prosent dei siste fire åra. Reinhaldarane er under dagens modell knytt til ein skule. Dette betyr at HFK ikkje i veldig stor grad kan tilby reinhaldaren tilpassa arbeidsoppgåver i samsvar med IA-avtalen.

**Eit samla fagmiljø**


Med rektor som øverste leiar gir dagens modell reinhaldarane høve til å vere ein del av skulemiljøet. Reinhaldarane er ein del av den sosiale fellesskapen på skulen, og saman kan dei også skape eit fagmiljø på den einiskilde skule.

**Redusere trongen for vedlikehald**

Rektor har ikkje ansvar for skulen sitt vedlikehald, vedlikehaldsansvaret ligg i driftsseksjonen, eigedomsavdelinga. Skulane kan redusere behovet for vedlikehald gjennom å nytte rapporteringssystem for avvik.

**Modell 2: Reinhaldstenestene i HFK organisert under Eigedomsdirektøren som ein eigen seksjon; Reinhaldsseksjonen**

## Organisering av reinholdseksjonen



### Vikarpool:

I denne modellen vil vikarpool knytast til områdeleiarane. Områdeleiarane vil få ansvar for å fordele dei samla reinhaldsressursane i sitt område, vikarbehovet vil inngå i ressursbanken.

### Nøgde brukarar

Leiaren av reinholdstenestene vil i denne modellen kunne ha sterkt fokus på fagleg utvikling og kompetanseheving. Vidare vil ein kunne utarbeide kontrollsystem og system for oppfølging av brukarane. Ei sterkare fagleg satsing saman med kontroll og oppfølgingsystem vil på sikt kunne gi meir nøgde brukarar.

### Ei meir økonomisk effektiv teneste

Modellen vil gjere det naudsynt å tilføre ressursar til oppbygginga av ein ny seksjon med ein reinhaldssjef og 7- 8 områdeleiarar. Eigedomsdirektøren vil i tillegg ha behov for ein større stab for å kunne ivareta ein ny seksjon. Områdeleiarane i reinholdseksjonen vil bli tillagt personalansvar for reinholdarane og vil ha fleire underlagt seg enn områdeleiarane i dagens driftsseksjon. Under denne modellen vil reinhaldsleiarane få tillagt fag- og oppfølgingsansvar for sine reinholdarar. Omorganiseringa vil medføre at det vert frigjort administrative ressursar på skulen, men oppretting av ein ny seksjon vil koste meir enn det som vert frigjort av ressursar på skulane. Denne modellen vil bli dyrare å drifte enn dagens modell.

### Fagleg utvikling

Seksjonsleiaren av reinholdstenestene (reinhaldssjefen) vil kunne bruke tildelte ressursar på fagleg utvikling, kompetanseheving og nødvendig utstyr. Under ein seksjon vil leiarar og tilsette i fellesskap kunne utarbeide kompetanseutviklingsplanar for kvar tilsett og for seksjonen som heilskap. Ressursane til fagleg utvikling vil kunne tilpassast til dei faglege behova til reinhaldspersonalet.

### God kvalitet

Reinhaldstenestene organisert som *ein* seksjon vil i større grad kunne ha fokus på fagleg kompetanseheving og oppdatering av reinholdarane. Under denne modellen vil fag- og personalansvaret ligge hjå ein fagperson. Personalressursane vil i større grad kunne nyttast ut i frå kva dei faglege vurderingane tilseier. Å samle reinholdstenestene under *ein* seksjon vil også gi leiarane oversyn over dei til ei kvar tid rådande reinhaldsressursane i HFK. Leiarane vil lettare kunne rekne ut behov for reinhaldsutstyr og maskinpark. Å ha reinhaldsleiar med fagansvar og oppfølgingsansvar vil gjere det lettare å følgje opp kvar einskild tilsett fagleg og utarbeide reinhaldsplanar.

### Heiltidsstillingar, redusere ufrivillig deltid

Ein sentralisert modell vil gjere det mogleg å sjå reinhaldsbehovet og tilgjengeleg reinhaldsressurs under eitt. Dette vil gjere det lettare for HFK å sette opp tiltak og bemanningsplan i tråd med HFK sitt mål om å få fleire tilsette på heiltid. Det vil vere mogleg å auke stillingsressursen ved å sjå avdelingar/skular som ligg i nærleiken av kvarandre under eitt. Områdeleiarane vil få tildelt ansvar for vikarpool i sitt område. Dette vil opne for at einskilde kan ha 100% stilling, der delar av stillinga er knytt til vikarpool som ambulerande reinholdarar.

### Reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær

Sjukefråværet blant reinholdarane var i første kvartal 2015 på 10,82 %. Å samle reinholdstenestene i *ein* seksjon vil kunne gi eit sterkare fagleg miljø som igjen kan gi auka trivnad og samhøyr blant reinholdarane.

Dette kan på sikt gi effekt på større nærvær blant reinhaldarane. Høgare stillingsprosent vil bidra til å gi reinhaldarane ein betre økonomisk kvardag og dermed ein tryggare kvardag. Områdeleiarane vil under ein seksjon kunne leggje til rette og prioritere arbeidsoppgåver ut i frå tilgjengelig ressurs. Seksjonsorganiseringa vil gjere det lettare for HFK å følgje opp IA-avtalen innan reinhaldstenestene. På sikt vil god ressursutnytting kunne gi ein reduksjon av sjukefråværet.


### Eit samla fagmiljø

Som ein eigen reinhaldsseksjon vil HFK i størst mogleg grad kunne skape eit fagmiljø rundt reinhaldarane på tvers av skulane. Ved å organisere reinhald i område vil det vere mogleg å skape fagmiljø knytt til kvart område som kan tilby eit fagleg nettverk og fagleg oppdatering.

### Redusere tryggheten for vedlikehald

Reinhaldstenestene organisert som ein seksjon under Egedomsdirektøren på lik line med Drift, vil på sikt kunne bidra til eit betre samarbeid mellom fagfelte drift og reinhald. Ved å samle reinhald og driftskompetanse under Egedomsdirektøren vil HFK ha eit godt grunnlag for å vedlikehalde og ta vare på bygga. Omorganiseringa vil samle kompetansen innan vedlikehald og reinhald under ei leiing, og det vil gjere det mogleg å bruke reinhald som eit viktig virkemiddel i vedlikehaldsarbeidet.

### Modell 3: Reinhaldstenestene i HFK organisert under Egedomsdirektøren som ein del av driftsseksjonen; Driftsseksjonen



### Organisering av reinhaldstenestene som ein del av driftsseksjonen





### **Nøgde brukarar**

Fagkompetansen på reinhald ligg i dag på driftsseksjonen. Reinhaldstenestene vil som ein del av driftsseksjonen under Eigedomsdirektøren kunne ha sterkare fagleg fokus og sterkare satsing på kompetanseutvikling på tvers av drift og reinhald. Reinhaldstenestene vil også under denne organiseringa kunne utarbeide kontrollsystem og system for oppfølging av brukarane. Ei sterkare fagleg satsing på tvers av reinhaldstenestene og drift, saman med kontroll og oppfølgingssystem, vil på sikt kunne gi meir nøgde brukarar.

### **Ei meir økonomisk effektiv teneste**

Modellen vil gjere det naudsynt å tilføre ressursar til ein områdeleiar. Eigedomsdirektøren vil i tillegg ha behov for ein større stab for å kunne ivareta reinhaldstenestene. Staben må aukast med ei stilling. Den auka bemanninga vil truleg utgjere tre stillingar. Områdeleiarane vil få ansvar for drifts- og reinhaldspersonalet og vil bli tillagt personalansvar. Under den nye modellen vil reinhaldsleiarane få tillagt fag- og oppfølgingsansvar for sine reinhaldarar. Omorganiseringa vil medføre at det vert frigjort administrative ressursar på skulane. Denne modellen vil på sikt kunne driftast med det same ressursgrunnlaget som dagens modell.

### **Fagleg utvikling**

Som ein del av driftsseksjon i eigedomsavdelinga vil leiarane av drift og reinhaldstenestene kunne sjå reinhaldsfaget og driftsfaget i ein større samanheng. Fagkunnskapen på reinhald ligg i dag i driftsseksjonen. Driftsseksjonen har derfor allereie opparbeidde rutinar på fagleg oppdatering av reinhaldarane. Fagpersonene for reinhaldstenestene vil som ein del av driftsseksjonen i samarbeid med dei tilsette i fellesskap kunne utarbeide kompetanseutviklingsplanar for kvar tilsett og for seksjonen som heilskap. Reinhalds- og driftspersonalet vil ha område- og/eller seksjonssamlingar der dei oppdaterer kvarandre på fagfelte. Ressursane til fagleg utvikling vil kunne tilpassast dei faglege behova til reinhaldspersonalet og bygningsmassen.

### **God kvalitet**

Å samle reinhaldstenestene under driftsseksjonen vil også gi leiinga oversyn over dei til ei kvar tid rådande drifts- og reinhaldsressursane i HFK. I tillegg vil leiinga i driftsseksjonen kunne sjå reinhald og vedlikehald av bygningsmassen i ein heilskap. Fagleg vurdering på kva for materiale som er mest slitesterke og som er lettare å halde reine kan gi ein betre kvalitet på reinhaldet. Leiarane vil lettare kunne gje opp behov for reinhaldsutstyr og maskinpark. Å ha driftsleiar med fagansvar og oppfølgingsansvar vil gjere det lettare å følgje opp kvar einskild tilsett fagleg og utarbeide reinhaldsplanar.

### **Heiltidsstillingar, redusere ufrivillig deltid**

Reinhaldstenestene som ein del av driftsseksjonen vil gjere det mogleg å sjå reinhaldsbehovet og tilgjengeleg reinhaldsressurs under eitt. Dette vil gjere det lettare for HFK å sette opp tiltak og bemanningsplan i tråd med HFK sitt mål om å få fleire tilsette på heiltid. Det vil vere mogleg å auke stillingsressursen ved å sjå avdelingar/skular som ligg i nærleiken av kvarandre under eitt. Områdeleiarane vil få tildelt ansvar for vikarpool i sitt område. Dette vil opne for at einskilde kan ha ei 100% stilling, der delar av stillinga er som ambulerande reinhaldar knytt til vikarpool.

### **Reduksjon av sjukefråvær/auka nærvær**

Sjukefråværet blant reinhaldarane var i første kvartal 2015 på 10,82 %. Sentralisering av tenestene vil kunne gi eit sterkare fagleg miljø som igjen kan gi auka trivnad og samhøyr blant reinhaldarane. Dette kan på sikt gi effekt på større nærvær blant reinhaldarane. Høgare stillingsprosent vil bidra til å gi reinhaldarane ein betre økonomisk kvardag og dermed ein tryggare kvardag. Områdeleiarane vil i tillegg kunne leggje til rette og prioritere arbeidsoppgåver i samråd med dei tilsette. I ein driftsseksjon vil HFK kunne følgje opp IA-avtalen innan reinhaldstenestene. HFK vil under denne modellen kunne leggje til rette arbeidsdagen for den einskilde arbeidstakar i samsvar med IA-avtalen. På sikt vil god ressursutnytting kunne gi ein reduksjon av sjukefråværet.

### **Eit samla fagmiljø**

Reinholdstenestene som ein del av driftsseksjonen vil også kunne skape eit fagmiljø rundt reinholdarane på tvers av skulane. Vedlikehald av bygg vil under denne modellen omfatte både reinhold og drift.

Organiseringa vil derfor kunne gi ei heilskapstenking rundt drift og vedlikehald av bygg. Ved å organisere drift og reinhold i område vil det vere mogleg å skape fagmiljø knytt til kvart område som kan tilby eit fagleg nettverk, fagleg oppdatering og kompetanseoverføring mellom desse to fagfelte. Drifts- og reinholdspersonalet vil utgjere eit sosialt fellesskap på skulane i og med at dei høyrer til same seksjon.

### **Redusere trongen for vedlikehald**

Reinholdstenestene organisert som ein del av driftsseksjonen vil på sikt kunne bidra til at HFK dreg nytte av synergien mellom drift og reinhold. Ved å samle reinhold og driftskompetansen under *ein* seksjon vil HFK ha eit godt grunnlag for å vedlikehalde og ta vare på bygga. Omorganiseringa vil samle kompetansen innan vedlikehald og reinhold under ei leiing, som vil gjere det mogleg å bruke reinhold som eit viktig virkemiddel i vedlikehaldsarbeidet. I tillegg vil vi under denne modellen også ha betre vilkår for kompetanseoverføring mellom fagfelte reinhold og drift. På sikt vil dette kunne føre til redusert behov for vedlikehald.

### **Høyrings svar**

Saka har vore på høyring i dei vidaregåande skulane. Prosjektgruppa har motteke 38 høyrings svar frå rektorane og 14 svar frå leiande reinholdarar. 29 rektorar og 8 leiande reinholdarar har ytra ønske om å halde på dagens organisering av reinholdstenestene. Hovudargumentasjonen for modell 1, som er dagens ordning, er at det er kort veg til den som har personalansvaret, og at reinholdarane er ein del av skulemiljøet på skulen. 6 rektorar og 6 leiande reinholdarar ønskjer modell 3, reinholdstenesta som ein del av driftsseksjonen i eigedomsavdelinga. Hovudargumentasjonen for modell 3 er at reinhold, vedlikehald og inneklima heng nært saman og må sjåast i samanheng i større grad enn vi opplever i dag. Eit anna hovudargument for modell 3 er at ei organisering av reinholdstenestene som ein del av drift vil gi reinholdarane høve til å etablere eit samla fagmiljø og det kan vere lettare å oppmode fleire om å ta fagbrev.

### **Forslag til ny modell**

Prosjektgruppa foreslår at reinholdstenestene i Hordaland fylkeskommune vert organisert som ein del av driftsseksjonen i eigedomsavdelinga (modell 3). Seksjonen vil då få nemninga driftsseksjonen. Reinholdstenestene under driftsseksjonen i eigedomsavdelinga vert delt inn i område leia av ein områdeleiar med personalansvar for driftspersonalet og reinholdarane. Områdeleiarane vil også få ansvar for å ha vikarpool for sitt område. Reinholdsléiarane vil få fag- og oppfølgingsansvar for reinholdarane ved si eining/sin skule.

Prosjektgruppa si tilråding baserer seg på at modellen vil kunne gi HFK ei heilskapstenking knytt til drift og reinhold med tanke på vedlikehald, kvalitet og kompetanseoverføring mellom faga drift og reinhold. HFK vil også kunne tilby drift- og reinholdspersonalet eit større fagleg og sosialt nettverk under denne modellen. Modellen opnar for å samle fagmiljøet. Driftssjefen vil under denne modellen kunne gi reinholdarane ei fagleg utvikling gjennom kurs og kompetansehevingstiltak. På sikt vil eit sterkare fagleg og sosialt nettverk og kompetanseheving kunne bidra til å redusere sjukefråværet. HFK vil kunne tilby høgare stillingsprosent til sine reinholdarar ved å sjå område i samanheng ved tildeling av ressursar. I tillegg vil einskilde reinholdarar kunne inngå som ambulerande reinholdarar i vikarpool. Modellen med reinholdstenestene som ein del av driftsseksjonen vil på sikt kunne driftast med dei same ressursane som dagens organisering.

Fylkesrådmannen ser fordelar både med dagens organisering (modell 1) og ei organisering under eigedomsavdelinga etter modell 3. Dagens organisering ivaretek m.a. verdiar som nærleik til avgjerdsnivå og tilhøyrse til skulemiljø. Ei organisering under eigedomsavdelinga vil ha meir fokus på heilskapstenking og betre utnytting av ressursane. Samstundes kan ein få til ei betre koordinering i høve til kompetanseutvikling og ikkje minst kompetanseoverføring mellom fagfelte reinhold og drift.

Etter ei samla vurdering av modellane, og sett opp mot den politiske bestillinga, vil fylkesrådmannen rå til at reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert organisert etter modell 3.